

PLAN FOR BRUKARMEDVERKNAD gjennom råd og utval i skulane i Sunnfjord kommune.



Møte SMU 2018-19 Vassenden skule.

Innhald

1. INNLEIING	3
2. SAMARBEIDSORGANA I SKULEN.....	3
2.1. Elevrådet.....	3
2.2. Foreldrerådet.....	5
2.3. Foreldrekontaktane	5
2.3. Foreldrearbeidsutvalet – FAU	5
2.4. Samarbeidsutvalet (SU)	6
2.5. Skulemiljøutval (SMU).	6
3. KORLEIS HALDE UTVALA UNDERRETTA JAMLEG	7
4. BRUKARUNDERSØKINGAR OG KARTLEGGING AV SKULEMILJØ	8
5. Vedlegg:	9
Årshjul for elevrådet:.....	10
Årshjul FAU:.....	11
Årshjul for SU:.....	12
Årshjul SMU:.....	13
SJEKKLISTE FOR Å SIKRE BRUKARMEDVERKNAD del 1.	14
SJEKKLISTE FOR Å SIKRE BRUKARMEDVERKNAD del 2.	15

1. INNLEIING.

Skulen skal vere ein viktig demokratisk arena for born og unge der dei opplever at dei får påverke og delta i å avgjere saker som er viktige i skulekvardagen. Elevmedverknad er nedfelt i opplæringslova og læreplanverket. «Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø.» (Oppl. lova § 9A-8.)

Føremålet med elevmedverknad er at elevane skal bli rusta til å gjere medvitne verdival og val av utdanning og framtidig arbeid og bli gode samfunnsborgarar. Elevane skal gjennom deltaking i rådsarbeid og arbeid i klassen oppleve at dei får delta aktivt i skulekvardagen og gjennom rådsarbeid få opplæring i demokratisk deltaking.

Målet er at elevane gjennom aktiv deltaking i skulekvardagen kjenner ansvar for skulemiljøet og får positive haldningar til samfunnet og deltek aktivt for å gjere kvardagen betre for alle.

«Skolen skal gi elevene mulighet til å medvirke og til å lære hva demokrati betyr i praksis.» (Generell del, ny læreplan.)

I skulane i Sunnfjord legg vi vekt på å ha og utvikle eit godt skule-heim-samarbeid. Skulen blir best driven når brukarane – elevar og føresette – får seie meiningane sine og vere med på viktige avgjersler. Skulen er eit miniatyrsamfunn som skal brukast aktivt til å lære bort medansvar og omtanke. Alle menneske treng å få erfaring i å treffe avgjersler med direkte og synbare konsekvensar for andre.

«Dialogen mellom lærer og elev, og mellom skole og hjem, må være basert på gjensidig respekt. Når elevenes stemme blir hørt i skolen, opplever de hvordan de selv kan ta egne bevisste valg. Slike erfaringer har en verdi her og nå, og forbereder elevene på å bli ansvarlige samfunnsborgere.» (Generell del, ny læreplan.)

Elevmedverknad kan også ha ei unik pedagogisk effekt, ved at det aktiviserer elevane og gjer dei medvitne om eiga læring.

2. SAMARBEIDSORGANA I SKULEN.

Det er fleire samarbeidsorgan i skulen. Målet for alle er å sikre elevane eit betre læringsmiljø. Det er skuleeigar og rektor sitt ansvar at alle rådsorgana blir oppretta og fungerer i samsvar med føringane i opplæringslova. Skuleleiinga er ansvarleg for å samarbeide med, underrette og take med på råd så tidleg som mogleg, alle samarbeidsorgana.

Dette er samarbeidsorgana ved skulane i Sunnfjord kommune:

- ❖ Elevrådet
- ❖ Foreldrerådet
- ❖ Foreldrekontaktane
- ❖ Foreldrearbeidsutvalet
- ❖ Samarbeidsutvalet
- ❖ Skulemiljøutvalet
- ❖ Felles foreldreutval for grunnskulen

2.1. Elevrådet.

Alle skular skal ha eit elevråd. (Opplæringslova § 11-2.) Elevrådet er elevane sitt demokratiske organ og er slik det viktigaste demokratiske organet ved skulen. Det er eit verktøy for å bli høyrte som gruppe. Elevrådet skal fremje fellesinteressene til elevane på skulen og arbeide for eit godt lærings- og skulemiljø. Elevrådet skal få uttale seg og kome med forslag i alle saker som gjeld nærmiljøet til elevane. Det ligg inga avgrensing i kva saker elevrådet kan ta opp, men i hovudsak dreier det seg om tilhøve som angår skule-, lærings- og arbeidsmiljø samt velferdsinteresser. Elevrådet kan uttale seg i alle saker som angår

skulen, men lova gir ikkje rådet mynde til å fatte bindande avgjersler. Det er likevel slik at elevrådet representerer alle elevane ved skulen, og dei vedtaka som elevrådet gjer, er eit uttrykk for elevane si vilje. På den måten har elevane innflytelse på det som skjer i skulen, og rektor vil i dei fleste høve ta omsyn til dei vedtaka elevrådet gjer.

Elevar frå 5. til 7. klasse og frå 8. til 10. klasse skal sitje i elevrådet. I tillegg kan skulen ha med elevar frå 1. til 4. steg i elevrådet. Ein person frå undervisningspersonalet deltek med møte- og talerett. Denne personen blir kalla *elevrådskontakt* og skal mellom anna syte for desse oppgåvene:

- Opplæring i elevrådsarbeid
- Hjelp til med å innarbeide gode rutinar for elevrådsarbeid
- Hjelp til med å få innarbeidd ein god møttestruktur
- Delta på alle elevrådsmøta
- Sjå til at intensjonen med elevrådsarbeid blir følgt opp
- Vere den vaksne kontaktpersonen for medlemmane i elevrådet

Elevrådskontakten blir utpeika av rektor. (Ein tilrår at elevrådskontakten anten er ein del av skuleleiinga eller jobbar tett med skuleleiinga.)

Kvar klasse/gruppe vel to representantar til elevrådet. Representantane blir valde ved skulestart, (innan det har gått tre veker,) for eitt skuleår av gongen.

Her er ti gode tips for å få elevrådet til å fungere best mogleg:

1. Engasjerte og innsatsvillige tillitsvalde.
2. Godt skolerte tillitsvalde i elevrådet og elevrådsstyret.
3. Faste rammer for val og drift av elevrådet
4. Tid til klasse-/grupperåd og elevrådsarbeid.
5. Gode økonomiske ressursar til elevrådet.
6. God informasjon til tillitsvalde og elevar.
7. Tydeleg definerte arbeidsoppgåver til og frå elevrådet (til dømes arbeidsprogram).
8. Positive haldningar til elevrådet i skulesamfunnet (lærarar, tilsette og leiing).
9. Rammer for kontakt og dialog med leiinga.
10. Moglegheit for elevar til å kontakte og påverke elevrådet.

(Kjelde: *Elevorganisasjonen*)

Unge treng å bli involvert i meningsfull dialog med skuleleiinga. Elevane har rett til:

1. Å individuelt vere med på å påverke skulekvardagen, både i planlegging, gjennomføring og evaluering.
2. Å ha moglegheit til å bli vald inn i eit elevråd og eit skulemiljøutval som har ein reell påverknad på skuleleiinga.

Her er ei kort sjekkliste for elevmedverknad:

- Skulen målar jamleg at elevane opplever medverknad og ser resultata av elevmedverknaden (elevundersøkinga)
- Elevrådet har god oppslutting mellom elevane, og dei blir orientert og engasjert av lærarane, administrasjonen og rektor i alle saker som er viktige for dei.
- Offentlege dokument frå kommunen eller skulen som gjeld elevane skal vere utforma på ein slik måte at elevane forstår innhaldet
- Elevane sine utsegner og innspel er implementert og atkjennande i skulen sine dokument og handlingar.
- Rektor, administrasjon og lærarar har fått tilstrekkeleg opplæring i elevmedverknad, og opplever elevmedverknad som meningsfylt

2.2. Foreldrerådet

Alle føresette som har barn i skulen, er medlem av skulen sitt foreldreråd. (Opplæringslova § 11-4.) Foreldrerådet vel eit arbeidsutval (FAU) som er talerør overfor skulen. FAU skal mellom anna sikre reell medverknad frå foreldra og ha medansvar for at elevane sitt læringsmiljø er trygt og godt. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heim og skule, dei skal leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.

2.3. Foreldrekontaktane

Foreldrekontaktane er kontaktleddet mellom foreldra i gruppa/klassa og Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU), og dei er bindeleddet mellom foreldra og skulen.

Opgåver for foreldrekontaktane:

- Planlegge foreldremøta saman med kontaktlæraren
- Gå gjennom årsplanar og lærestoff saman med lærarane for neste halvår og peike på informasjonsbehovet dei føresette har
- Halde god kontakt med elevane og vurdere kva dei føresette kan gjere for å utvikle eit godt miljø i gruppa.
- Trekkje elevane mest mogleg med i kontakten mellom heim og skule.
- Take i vare elevane og dei føresette sine interesser når det oppstår saker som gjeld heile gruppa, t.d. spørsmål om overføring av barn til annan skule, skyss- og trafikkforhold osv.
- Ha god kontakt med alle dei føresette i gruppa og formidle ideane og synspunkta deira til dei rette instansar.
- Leggje fram saker som FAU vil høyre dei føresette si meining om – skriftleg eller munnleg – på foreldremøte.
- Sørge for at nye foreldrekontaktar blir valde og at desse blir informert om oppgåvene sine.

Før skulen sluttar i juni kvart år vel foreldra i ei klasse/gruppe to representantar for gruppa/klassa som skal vere gruppa sine representantar i FAU det komande skuleåret. Dei blir valde for to år av gongen, og det blir gjort slik at det er ein representant som skal veljast kvart år. Det sikrar kontinuitet og overlapping. Val av FAU skjer i foreldrerådet. Rektor skal legge til rette for at dette vert gjort.

2.3. Foreldrearbeidsutvalet – FAU

Foreldrerepresentantane i kvar klasse/gruppe er medlem i foreldrearbeidsutvalet. Ved store skular med over 10 klassar, er berre den eine representanten medlem og den andre er vara. Arbeidsutvalet skal velje to representantar, med personlege vararepresentantar, til samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet. FAU skal mellom anna sikre reell medverknad frå føresette og ha medansvar for at elevane sitt læringsmiljø er trygt og godt.

I samband med dette er det viktig at alle føresette er godt informert om dei tillitsvalde sine oppgåver og at det blir lagt vekt på kontinuitet i arbeidsutvalet. FAU er heimla i opplæringslova § 11-4.

Aktuelle oppgåver for FAU kan vere:

- jobbe for eit trygt og sikkert læringsmiljø. Trivsel er viktig for barna si læring.
- involvere seg i vurdering i skulen
- arrangere festar og markeringar
- jobbe for eit inkluderande skulemiljø
- lage sosiale tiltak for elevane
- halde kurs for foreldrekontaktar
- halde samlingar for føresette og lærarar

- delta i samlingar og kurs i regi av skulen
- vere ein informasjonskanal ut til alle føresette

FAU bør samarbeide med både elevråd, skuleleiinga og dei tilsette. FAU kan også ha kontakt med lag, organisasjonar og næringsliv i nærmiljøet.

FAU skal representere alle dei føresette ved skulen og bidra til at samarbeidet mellom heim og skule er godt.

2.4. Samarbeidsutvalet (SU)

Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen. Samarbeidsutvalet er skulen sitt øvste rådgjevande organ der alle partar i skulen er representert: Elevar (2), føresette (2), undervisningspersonalet (2) andre tilsette (1) og representantar frå kommunen (2), der rektor skal vere den eine og den andre er ein politisk vald person. (Opplæringslova § 11-1.) Rektor er til vanleg sekretær for SU. Rektor har ansvar for å legge til rette for at rådet vert konstituert.

Ein kan skipe felles samarbeidsutval for grunnskole og kommunal barnehage. Utvalet skal ha to kommunale representantar (politisk vald representant + rektor), to representantar for elevane, ein representant for undervisningspersonalet, ein representant for andre tilsette i skolen, to representantar for dei tilsette i barnehagen, to representantar for foreldrerådet i skolen og to representantar for foreldrerådet i barnehagen. I tillegg kan eigaren av barnehagen nemne opp inntil to medlemmer, derav styraren er ein av dei.

Elevrådet vel elevrepresentantane. FAU vel foreldrerepresentantane. Lærarane og dei tilsette ved skulen vel lærarrepresentant og tilsettere representant. Rektor ved kvar skule er ansvarleg for at vala blir gjort. Vala skal gjerast ved skulestart kvart år. Alle blir valde for to år av gongen og slik at halvparten er på val kvart år. K-styret vel den politisk valde kommunerepresentanten for fireårsperioden, med fast vara. Det er viktig at den politisk valde kommunerepresentanten sit i kommunestyre og at representanten sit i eit SU som ein ikkje sjølv soknar til.

SU kan uttale seg om mellom anna:

- Forslag til budsjett
- Verksemds- og utviklingsplanar for skulen
- Plan for skule-heim-samarbeid
- Skulevurdering
- Skulemiljø
- Planar for ombygging og vedlikehald av skuleanlegga
- Skulen si informasjonsverksemd
- SFO
- Skuleskyss
- Ordensreglementet

2.5. Skulemiljøutval (SMU)

Det er lovfesta at alle skulane skal ha eit skulemiljøutval. (Opplæringslova § 11-1a.)

Skulemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulemiljøet, jf. kapittel 9a.

Skulemiljøutvalet skal medverke til at skulen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skulemiljø.

FAU og dei andre rådsorgana ved skulen kan likeeins be om at saker blir teke opp til handsaming i SU/SMU.

Føremålet med skulemiljøutvalet er å sikre at skulen har eit systematisk arbeid for eit godt skulemiljø. SMU skal vere eit rådgjevande organ for skulen i saker knytt til dette. Elevane, dei føresette, skulen, tilsette i skulen og ein representant frå kommunen skal vere

representert. Føresette og elevar skal saman ha fleirtal i SMU. Skuleeigar vil tilrå at ein tek utgangspunkt i SU ved kvar skule og at elevrådet vel ein representant i tillegg og at FAU vel ein representant i tillegg som skal vere med i SMU. Rektor er ansvarleg for at vala blir gjort, og at dei blir gjort ved skulestart kvart år.

NB! Elevrådet har ansvar for å rekruttere elevrepresentantar til skulemiljøutvalet, så vel som til samarbeidsutvalet. Dei som blir valde kan sjølve vere valde elevrådsrepresentantar eller dei kan vere elevar som har spesiell interesse for å arbeide med skulemiljøet. Om mogleg blir elevrepresentantane valde for 2 år.

Elevrepresentantane skal ikkje delta ved handsaming av saker som har pålegg om teieplikt, men då skal foreldrerepresentantane ha dobbeltstemme.

Skuleleiinga skal leggje til rette for årlege kartleggingar og systematisk gjennomgang av resultatane, og drøfte konkrete tiltak i skulemiljøutvalet.

Utdanningsdirektoratet sine brukarundersøkingar og rettleiaren for skulemiljøutval er verkty som skuleleiinga og SMU skal bruke og følgje.

Det er rektor sitt ansvar at skulemiljøutvalet har møte og at ein møtast som likemenn- eller kvinner. Det skal ikkje ha noko å seie at elevane er mindre møtevante enn administrasjonen eller rektor.

Utvalet skal gi rektor råd om korleis ein kan løyse miljøproblem på skulen. Det kan til dømes vere å setje fokus på inne-miljø eller sørge for at skulen har ein anti-mobbestrategi.

3. KORLEIS HALDE UTVALA UNDERRETTA JAMLEG

Skuleleiinga har eit ansvar for å halde utvala fortløpande underretta om alle tilhøve som er viktige for skulemiljøet. I skulane i Sunnfjord gjer ein dette gjennom mellom anna:

- Publisere års-, halvårs- og vekeplanar på Fronter/papirutgåve.
- Rektor er ansvarleg for at møteplanane for alle rådsorgana blir følgde.
- Rektor skal saman med kommunalsjef syte for at aktuelle politiske saker blir handsama av rådsorgana før dei går til politisk handsaming.
- Rektor har e-post-kontakt med leiarane av rådsorgana og sender ut info om planlagde og pågåande arbeid ved skulen slik at organa kan kome med på eit tidleg tidspunkt.
- Ha ei aktiv heimeside med nyhendeoppdateringar
- Skriftlege beskjedar frå skule til heimen

Samarbeid mellom skule og heim betrar motivasjonen og læringa til elevane. Alle foreldra ønskjer ei positiv utvikling for barna sine, og skulen er ein av dei viktigaste medspelarane vi har for å oppnå dette. Foreldre er viktig for barna si læring, og barn som får hjelp og støtte heime har større moglegheit for å gjere det bra på skulen. *Kvar skule bør ha ein plan for skule-heim-samarbeid.*

For å få til eit godt heim-skule-samarbeid må foreldra ha reell medverknad og ansvar, og heim og skule saman må ta felles forpliktande avgjersler. Det føreset ein tett dialog mellom skulen og brukarane.

Følgjande tema er aktuelle i ein god dialog mellom heim og skule:

- Foreldra si betyding for skulen sitt læringsmiljø
- Digitalt heim-skule-samarbeid
- § 9a og skulemiljø
- Nettvett
- Halvårsvurdering
- Vidaregåande opplæring
- Utdanningsval

- Foreldrenettverk
- Nasjonale prøver i skulen
- Brukarundersøkingar i skulen

4. BRUKARUNDERSØKINGAR OG KARTLEGGING AV SKULEMILJØ

Skulane med rektorane i spissen skal aktivt drive kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i lover og forskrifter blir oppfylte. Skuleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.

Brukarundersøkingane som lagast og publiserast av Utdanningsdirektoratet blir nytta i skulane i Sunnfjord. Dei skal gje elevane, dei tilsette og dei føresette moglegheit til å seie meiningane sine om læring og trivsel. Vidare skal skuleleiarane og skuleeigar handtere og forvalte resultatane frå undersøkingane i tråd med retningslinjer gitt av Udir.

Dette er brukarundersøkingane som blir brukt i alle skulane i Sunnfjord:

- ❖ Elevundersøkingar
- ❖ Foreldreundersøkingar
- ❖ Ståstadsanalysen
- ❖ Medarbeidarundersøkingar

I Sunnfjord gjennomfører vi dei obligatoriske undersøkingane som er pålagt. Kvart 2. år skal det gjennomførast full brukarundersøking – det vil sei alle elevundersøkingar som er tilgjengelege (5.-10. klasse), foreldreundersøkinga og Ståstadsanalyse.

Erfaring syner at det er lurt å gjennomføre foreldreundersøkinga i samband med foreldremøte. Datamaskiner bør stå på og vere tilgjengelege før og etter foreldremøta, slik at dei kan logge seg på og gjennomføre der og då. Informasjon frå skulen om undersøkinga må kome i god tid før fristen.

Det er viktig ved gjennomføring av undersøkingane at alle er godt førebudd på kva dei skal vere med på. Enda viktigare er korleis resultatane av kvar undersøking blir handsama, korleis ein følgjer dei opp og kven og når ein gir attendemeldingar til dei som var med på undersøkinga. Begge desse faktorane er delegert til rektor å sikre at blir ivaretatt. Det er rektor sitt ansvar å overhalde dei rutineane som er utarbeidd av Udir på dette.

Ein kan kort skissere desse 6 fasane i arbeidet:

- Fase 1: Førebu dei ulike gruppene som kva undersøking dei skal delta i, kva målet er og kva skuleleiinga vil gjere med resultatane frå undersøkinga.
- Fase 2: Gjennomføring av undersøkingane etter lov og plan.
- Fase 3: Utarbeide plan for utbetring av manglar som er avdekka i undersøkingane.
- Fase 4: Underrette dei som gjorde undersøkinga om kva som no skal skje av tiltak.
- Fase 5: Setje planen ut i livet, gjennomføre tiltak i høve til plan.
- Fase 6: Evaluere prosessen og tiltaka som er gjennomført saman med brukarane.

5. Vedlegg:

Framlegg til «Årshjul for elevrådet»

Framlegg til «Årshjul for FAU»

Framlegg til «Årshjul for SU»

Framlegg til «Årshjul for SMU»

Sjekkliste for å sikre brukarmedverknad del 1

Sjekkliste for å sikre brukarmedverknad del 2

Årshjul for elevrådet:

Årshjulet nedanfor viser eit minimum av saker som skal handsamast i elevrådet og tilrår kva tid på året det burde gå føre seg. Ein tilrår minimum åtte-ti elevrådsmøte per skuleår, men det kan vere fleire. Elevane skal kome førebudd til elevrådsmøta. Dei har ansvar for å ta opp saker i klassen og informere om vedtak som er gjort i elevrådet. Det **må** altså vere møte i klassane både føre og etter eit elevrådsmøte. Elevane kjem med aktuelle saker frå klassene til kvart møte, ved behov, i tillegg til dei planfesta sakene nemnt over.

August/September:

- Konstituering. Val av leiar og nestleiar. Desse blir representantar i SU.
- Diskutere kva det inneber å representere andre som tillitsvald i elevgruppa.
- Drøfte kva som er elevrådet sine oppgåver.
- Møteplan for skuleåret (t.d. kvar første torsdag i månaden).
- Val av representant til SMU
- Orientering om § 9a
- Trivselstiltak gjennom året
- Opplæring i elevrådsarbeid

Oktober:

- Gjennomgang av plan og rutinar for arbeid med elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø
- Budsjett for neste kalenderår - Tiltak blir foreslått

November:

- Gjennomgang av plan for brukarmedverknad

Desember:

- Resultat av elevundersøkinga blir lagt fram. Tiltak blir foreslått.
- Oppsummering sosiogram. Tiltak blir foreslått.

Januar:

- Skuleruta for neste skuleår – uttale
- Budsjett og handlingsprogram for inneverande år leggst fram
- Elevrådsøkonomi

Februar:

- Uttale – ordensreglement
- Tema: "Krenkjande åtferd" – kva er det og korleis har me det på skulen?

Mars:

- Skulen sin ståstadsanalyse blir lagt fram. Tiltak blir foreslått.

April:

- Resultat – vernerunde

Mai:

- Tilstandsrapporten blir lagt fram. Tiltak blir foreslått.
- Oppsummering sosiogram. Tiltak blir foreslått.

Juni:

- Avslutting for året. Evaluering av året som har gått.

Årshjul FAU:

Årshjulet nedanfor viser eit minimum av saker som skal handsamast i FAU og tilrår kva tid på året det burde gå føre seg. Ein tilrår minimum fire FAU-møte per skuleår, men det kan vere fleire.

September:

- Konstituering av FAU og val av medlemmar og vara til SU og SMU. (Leiar og nestleiar av FAU er faste medlem i desse gruppene. Må velje vara i tillegg.)
- Orientering om skulen sitt arbeid for elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø og opplæringslovas § 9a. Plan og rutinar blir lagt fram.
- Plan for brukarmedverknad leggst fram.
- Resultat av brukarundersøkingane.
- Møteplan for skuleåret.

November:

- Informasjon om utviklingsarbeid på skulen
- Evaluering av felles foreldremøte på hausten. Innspel, forbetring?

Februar:

- Uttale til ev. revisjon av ordensreglement
- Uttale – skuleruta for komande skuleår

April:

- Resultat frå vernerunde
- Ståstadsanalyse
- Tilstandsrapport

Før kvart FAU-møte må det informerast om møtet og at det er høve til å kome med innspel til saker via klassekontakt eller direkte til rektor.

Årshjul for SU:

Årshjulet nedanfor viser eit minimum av saker som skal handsamast i SU og tilrår kva tid på året det burde gå føre seg. Ein tilrår minimum fire SU-møte per skuleår, men det kan vere fleire.

September:

- Konstituering
- Møteplan for skuleåret
- Gjennomgang av SU sitt mandat
- Eksamensresultat/grunnskulepoeng sist vår
- Innspel til budsjett neste kalenderår.
- Skulen sitt utviklingsarbeid

November:

- Resultat frå nasjonale prøver
- Budsjett og handlingsplan leggst fram

Februar:

- Uttale til skulerute for neste skuleår
- Uttale før revidering av ordensreglement
- Felles temamøte/foreldremøte til hausten. Innhald?
- Økonomi
- Skulen sitt utviklingsarbeid

April:

- Bemanning neste skuleår
- Ståstadsanalysen
- Tilstandsrapport

Årshjul SMU:

Årshjulet nedanfor viser eit minimum av saker som skal handsamast i SMU og tilrår kva tid på året det burde gå føre seg. Ein tilrår minimum fire SMU-møte per skuleår, men det kan vere fleire.

September:

- Konstituering
- Rektor informerer om SMU og deler ut rettleiar til nye medlem
- Møteplan for året som kjem
- Gjennomgang av plan og rutinar for arbeid med elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø
- Gjennomgang av plan for brukarmedverknad
- Orientering om verksemdsplanen
- Definere kva rep. meiner kan gje eit betre skulemiljø
- Korleis vil SMU arbeide med skulemiljøet
- Ordensreglementet – gå gjennom

November:

- Nye saker
- Oppsummering sosiogram
- Informasjon om skulemiljøet sin plass i neste års budsjett
- Følgje opp tiltak – kva har skulen gjort?
- Status for skulen i arbeidet med eit godt skulemiljø. Sjekklista
- Informasjon om brukarundersøkingane den hausten.
- Møte med vaktmeister, reinhaldarar, helsesøster, psykisk helse for barn og unge og verneombod. På kva måte kan dei bidra til eit godt skulemiljø?

Februar:

- Drøfte om utvalde blir informerte om saker som angår skulemiljøet.
- Resultat av elev-/brukarundersøkingar

April:

- Oppsummering sosiogram
- Innspel til SMU-saker i neste års budsjett
- Evaluering av utvalet sine oppgåver i året som gjekk. Framlegg til endringar
- Gjennomgang av vernerunda
- Prioriterte oppgåver til neste år sitt SMU

SJEKKLISTE FOR Å SIKRE BRUKARMEDVERKNAD del 1.

Sjekklista skal fyllast ut av rektor, signerast og skannast til elektronisk arkiv innan 01.10. kvart år.

Nr	Aktivitet	Ansvarleg	Utført dato
1	Elevrådsrepresentantane er valde innan tre veker etter skulestart i august.	Kontaktlærarane	
2	Elevrådet er sett saman i høve til § 11-2 i Oppl. lova.	Rektor	
3	Det er vald (peika ut) elevrådskontakt blant undervisningspersonalet. Vedkommande er gjort kjent med oppgåvene sine (skriftleggjort).	Rektor	
4	Elevrådet har fått naudsyn opplæring. På kva måte er den gjeve:.....	Elevrådskontakt	
5	SU er sett saman i høve til Oppl. lova § 11-1	Rektor	
6	SMU er sett saman i høve til Oppl. lova § 11-1a	Rektor	
7	Det er vald foreldrerepresentantar for kvar klasse	Kontaktlærarane	
8	Foreldrerepresentantane har danna FAU	Rektor	
9	Informasjon om kven som fyller kva roller i dei fire rådsorgana er publisert i Fronter og på den kommunale heimesida.	Rektor	
10	Det er laga møteplanar – basert på årshjula – for dei fire rådsorgana med datoar for alle møta i inneverande skuleår. Møteplanen er gjort kjent for alle medlemmane i rådsorgana samt publisert i Fronter og på den kommunale heimesida.	Rektor	
11	Plan for brukarmedverknad er gjennomgått med alle rådsorgana (fyll inn dato): Elevråd: SU: SMU: FAU:	Rektor	
12	Plan for brukarmedverknad er gjennomgått med dei tilsette.	Rektor	
13	Referata frå møta i rådsorgana blir skrivne i Websak samt publisert på Fronter og på den kommunale heimesida.	Rektor/ Elevrådskontakt	

SJEKKLISTE FOR Å SIKRE BRUKARMEDVERKNAD del 2.

Sjekklista skal fyllast ut av rektor, signerast og skannast til elektronisk arkiv innan 01.07. kvart år.

Nr	Aktivitet	Ansvarleg	Utført dato
1	Det har blitt halde elevrådsmøte jf. årshjulet og skrive referat i Websak frå kvart møte. Referata er lagt på Fronter og den kommunale heimesida.	Elevrådskontakt/ Rektor	
2	Det har blitt halde møte i SU jf. årshjulet og skrive referat i Websak frå kvart møte. Referata er lagt på Fronter og den kommunale heimesida.	Rektor	
3	Det har blitt halde møte i SMU jf. årshjulet og skrive referat i Websak frå kvart møte. Referata er lagt på Fronter og den kommunale heimesida.	Rektor	
4	Det har blitt halde møte i FAU jf. årshjulet og skrive referat i Websak frå kvart møte. Referata er lagt på Fronter og den kommunale heimesida.	Rektor	